

Emne:	<b>Møte i arbeidsgruppa for Sotrasambandet 9.9.2015 - referat</b>		
Til stades:	Siri Fahlvik Pettersen (Øygarden kommune), Øivind Støle (Bergen kommune), Gerhard Inge Storebø (Sund kommune), Kristian Bauge (SVV), Magnus Natås (SVV), Helge Sandvik (SVV), Helge Hopen (konsulent), Thorbjørn Aarethun (HFK), Willy Sørensen (Fjell kommune), Bjørn Inge Midtgård (HFK)		
Forfall:	Anne Iren Fagerbakke (Bergen kommune)	Sak: 2014/1015-14	
Møtetid:	0900 – 1100	Møtestad: Fylkeshuset, møterom 1322	

**Møteleiar: Thorbjørn Aarethun, Referent: Bjørn Inge Midtgård****Orientering om prinsippsak for bompengesøknad**

Helge Hopen orienterte om innhaldet i ei prinsippsak, aktuelle bompengesystem og ein førebels finansieringsplan for Sotrasambandet. I samband med gjennomgangen vart det gjeve ein del innspel frå gruppa:

- Kontaktutvalet si rolle må klargjerast betre og omtalalast tydelegare i saka.
- Prinsippsaka må tydeleg tilrå løysingar, slik at det endelege bompengelopplegget ikkje endrar seg vesentleg under utarbeidinga av bompengesøknaden. Samstundes må høyringa vera ei reell høyring, der ein er opne for nye innspel.
- Det er viktig å vektleggja kunnskap, informasjon og dialog undervegs fram mot endeleg handsaming av søknaden.
- Ved endeleg handsaming av bompengesøknaden er det viktig at det vert gjort likelydande vedtak i kommunane og i fylkeskommunen.
- Omtalen av tilgrensande prosjekt (nord/sør på Sotra og i Bergen) bør i større grad formulerast som ein opsjon- ein eventuell fase 2 - heller enn som ei avgrensing og gjerne synleggjerast på kart.
- Det må presiserast at pilar på skissekart er soner/trafikkstraumar ikkje vegar.
- Det må lagast ein del døme på kva bilistane må betala når dei reiser frå ein stad til ein annan (kjeda reiser)
- Det må arbeidast vidare med talet på takstnivå og spennet mellom dei- også med eit 3 delt takstnivå
- Trafikksituasjonen i Drotningstveit må sjåast nærare på.
- Prinsippsaka om bompengar skal ikkje leggja bindingar inn i reguleringsplanen.
- Det er svært viktig å halda framdrifta både for reguleringsplanarbeidet og bompengesøknaden, om ein skal unngå forseinka prosjektstart.

**Kontaktutvalet**

Kommune- og fylkestingvalet 2015 vil endra samansetnaden av kontaktutvalet. Når ordførarane og byråd er valt, må det haldast eit møte i kontaktutvalet. Utkast til prinsippsaka må presenterast for kontaktutvalet.

**Statleg finansiering**

Helge Sandvik orienterte om at SVV skal ha eit møte med Vegdirektoratet om statleg del. Det kan bli aktuelt med kostnadskutt etter ei definert kuttliste. Prinsippsaka må synleggjera spennet i statleg finansieringsdel – kva som er mogleg bompengandelen for Sotrasambandet i den komande NTP -en.

**Vidare arbeid**

Helge Hopen og SVV arbeider vidare med utkastet til prinsippsak. Neste møte vert 2.10.2015 kl.12.00 på møterom 826, Fylkeshuset.